

Til
Fylkesordfører Jenny Følling

Svardal november 2016

Restfinansiering utviding av Eikefjord Tømmerkai.

Flora Skogeigarlag er eigar av Eikefjord Tømmerkai som i dag har 52m kaifront. På grunn av undervasskjær er ein avhengig av flo sjø ved lasting av tømmer, og ein kan ikkje laste båtane fulle på grunn av fare for å ta ned på undervasskjærret. Med aukande tømmermengder og større båtar er logistikken både for båttransport og tømmerbiltransport dårleg på kaia. Ved å vri kaifronten ut forbi skjærret og forlenge kaia til 100m med 8m djupne langs heile kaifronten, vil ein kunne fullaste båtane og få lagt mykje meir tømmer direkte på kaifront for direkte lasting utan å legge så mykje tømmer på baklager som då må køyраст fram på kaifront seinare. Tømmer frå kommunane Flora, Naustdal, Førde, Jølster og deler av Gloppen og Bremanger soknar til Eikefjord Tømmerkai.

Dette prosjektet har vi arbeidd med ei tid. Vi vart i 2015 plukka ut saman med 3 andre prosjekt og då inviterte til å kome med ein endeleg søknad på SLF (Statens Landbruksforvaltning) – midlar der totalloyvinga var 22,4 millionar over statsbudsjettet for 2015. Kostnadskalkyla på sjølve utvidinga av tømmerkaia er på vel 18,1 mill. med ei totalramme på vel 18,7 mill. med byggeleiing m.m. I oktober 2015 fekk vi den gledelege meldinga at vi hadde fått ei løyving på inntil 14,5 mill. SLF-midlar til kaiprosjektet. Løyvinga av SLF-midlar er avgrensa til maks 80% av kostnaden. Vi må då finansiere minst 20% på annan måte, det vil seie ca. 4 millionar. Av desse 4 millionane har vi no på plass finansiering med vel 1,5 millionar.

Utvridingsprosjektet vart lagt ut på anbod. Flora Entrepeneurservice vann anbodskonkuransen. Arbeidet vart satt i gong i mars 2016

I ettertid har det synt seg at botnforholda ikkje var slik ein vart førespeila, ein måtte til med pelar i sjøen, dette fordyrar prosjektet noko, men vi er fortsatt innanfor rammene gitt frå SLF.

Utvridinga av Tømmerkaia er basert på at om 15 år vil det vere 75.000m³ hogstmoden gran og furutømmer pr. år som soknar til kaia. Dette gjev grunnlag for mange arbeidsplasser både ute i skogane og transport både på veg og sjø.

Utbygging av Tømmerkaier i Trøndelag, Hordaland og Rogaland har fått støtte frå fylka varierande frå 950.000 til 2, mill. Vi ber dykk difor sjå om de kan finne ei løysing for å hjelpe oss med deler av restfinansieringa slik at ein får fullført utvidinga av tømmerkaia og den kan komme til nytte både lokalt og regionalt.

Mvh
ForFlora Skogeigarlag

Asle Magne Ellingsund
-sign-